

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.10.2024

Vår ref.: 202416334-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet ved Vasstølvatn i Suldalsvassdraget i Suldal kommune, Rogaland fylke

NVE har fått inn ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å senke vasstanden under LRV ved Vasstølvatn reguleringsmagasin i perioden 01.01.2025 – 01.05.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentlig høyring er naudsynt. Søknaden om mellombels løyve vert difor berre send på høyring til Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Setesdal-Ryfylke villreinområde.

Kva det vert søkt om

NVE har fått inn ein søknad frå Hydro Energi AS, datert 24.09.2024, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Vasstølvatn i Suldal kommune. Dei ynskjer å mellombels senke vasstanden under lågaste regulerte vasstand (LRV) på inntil 5 meter i perioden 01.01.2025 – 01.05.2025.

Hydro Energi AS er i gang med å gjere oppgraderingar ved reguleringsmagasina Vasstølvatn og Finnabuvatn, som er ein del av Suldalsvassdraget og vasskraftsystemet Røldal-Suldal. Hydro Energi AS er nøydde til å gjere tiltak ved dammane for å oppfylle NVE sine krav til damtryggleik. Ved dam Vasstølvatn skal dei no skifte tappeluke, føringar og hydraulisk opptrekk. Dette er planlagt gjort ved å senke vasstanden under LRV, i staden for å gjere dykkararbeid, som var planen i utgangspunktet. Hydro Energi AS skriv i søknaden at dykkararbeid på denne tida i fjellet medfører risiko, noko dei ynskjer å unngå. Dei søker difor om å senke magasinet under LRV for å setje bjelkestengsel tørt og pumpe tilsiget over bjelkestengselet. Tidspunktet for det planlagde tiltaket er grunngjeve med at det er venta lite tilsig i perioden.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9500/V.

NVE har behandla ein liknande søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å senke vasstanden i Vasstølvatn med inntil 5 m under LRV i perioden 01.07.2024-01.10.2024, og senke



vasstanden i Finnabuvatn med inntil 0,2 m under LRV i perioden 05.01.2025 – 01.04.2025. NVE gav løyve til begge deler i vedtak av 22.04.2024. Søknaden og NVE sitt vedtak ligg tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9242/V.

Kva me ynskjer fråsegn om

NVE ynskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Me ynskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttala seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202416334 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

22.11.2024

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang er det ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan nyttast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fung. seksjonssjef

Hanne Tjøflot
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Godkjent av Brit Torill Haugen
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Setesdal-Ryfylke Villreinområde

Kopimottakarliste:



HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim